



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Mona Fauskanger, 5557 2203

Vår dato
02.05.2016
Dykkar dato
14.03.2016

Vår referanse
2015/14016 730
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Melding om tilskot i 2016 til psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene – kap 765 post 60

Fylkesmannen viser til søknad av 14. mars 2016 om tilskot til ein 100 % stilling som psykolog i kommunen.

Tildeling av tilskot

Fylkesmannen gir med dette tilskot på kr 310 000 til psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene over kapittel 765 post 60 på statsbudsjettet for 2016. Tilskotet blir gitt til 100 % psykologstilling i Helseavdeling i tiltaket Kommunepsykolog. Tilskotet gjeld for 12 månader frå 1. januar 2016.

Inkludert i tilskotet er 10 000 kroner som er øyremerkta utgifter i samband med kommunen si deltaking på Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid (NAPHA) si nasjonale samling for leiarar og psykologar, samt kompetansetiltak som blir arrangert av Fylkesmannen og dei regionale kompetansesentra innan psykisk helse, rus og vold- og traumefeltet. Det er forventa at kommunen prioriterer deltaking i desse fora. For ytterlegare føringar, sjå [Rettleiing til regelverket punkt 7 Tildelingskriterium](#).

Avgjerda om tildeling er ikkje eit enkeltvedtak. Det er ikkje høve til å klage på vedtaket eller vilkåra for tildeling.

Krav til stadfesting

Tilskotet blir utbetalt når Fylkesmannen har fått tilbake utfylt stadfesting, sjå vedlegg. Ver venleg å fyller ut og sende stadfesting til fmhpostmottak@fylkesmannen.no snarast.

Vilkår for tilskot

Tilskotet skal nyttast i samsvar med budsjett og tiltak som er skildra i søknaden, regleverk for ordninga og krava i dette brevet.

- Tilskotet skal nyttast til å dekke delar av utgifter til lønn i inneverande budsjettår (12 månader, [jf. berekningsreglar i punkt 7 i rettleiinga til regelverket](#)). Det er ein føresetnad at kommunen bidreg med eigenfinansiering til lønnsutgifter som overstig tilskotbeløpet per budsjettår.
- Kr 10 000 skal nyttast til kompetanseutvikling slik det står ovanfor under «tildeling av tilskot»

Rapportering

Frist for rapportering er 1. februar neste år. Helsedirektoratet skal lage nytt rapporterings-system for ordninga. Kommunen vil i god tid innan rapporteringsfristen i 2017 motta informasjon om det nye rapporteringssystemet. Kommunen skal ikkje levere revisorattestert rekneskap for bruk av tilskotet. Økonomiansvarleg i kommunen eller ein anna med same mynde, skal kontrollere og godkjenne at tilskotet er nytta i samsvar med vilkåra i tilskotsbrevet. Denne godkjenninga skal følgje med rapportering til Fylkesmannen.

Rapporteringa skal mellom anna innehalde:

Omtale av korleis og i kva grad måla for tilskotet er nådd. Kriteria for måloppnåing er:

- kva målgruppe(r) arbeider psykologen inn mot?
- Kor stor del av oppgåvene/stillinga går til:
 - system- og samfunnsretta arbeid
 - rettleiing/fagstøtte til tilsette/tenester i kommunen
 - helsefremjande og førebyggjande arbeid
 - utreiing, diagnostisering og behandling/oppfølging
- kva type forpliktande tverrfagleg samarbeid og/eller fleirfagleg fellesskap inngår psykologen i?
- korleis vert brukarmedverknad på individ- og systemnivå ivareteke i tiltaket, [sjå punkt 3 i regelverket for ordninga](#)
- tidspunkt for tilsetjing og stillingsprosent for psykologstillinga(ane)

Kontroll og dokumentasjon

Rekneskapsdata og dokumentasjon av opplysingar som ligg til grunn for søknaden eller utrekninga av tilskotsbeløp, skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet kommunen fekk meldinga om tilskot.

Fylkesmannen har rett til å kontrollere at tilskotet blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i Bevilgningsreglementet. Vi gjer merksam på at Riksrevisjonen har høve til å kontrollere om tilskot blir brukt etter føresetnadane, jamfør lov om Riksrevisjonen § 12 andre ledd.

Med helsing

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Mona Fauskanger
førstekonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Stadfesting
2. Regelverk for tilskot psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Rekrutteringstilskot.

Kopi til:

Meland kommune v/Tord Moltumyr Postboks 79 5906 Frekhaug